



Lindås Rør & Sanitær AS
Heine Milde Nævdal
Burkhovdane
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5213 - 15/18550

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
28.05.2015

Løyve til tiltak etter pbl § 20-1 - tilbygg og avlaupsledning - gbnr 174/44 Totland.

Administrativt vedtak. Saknr: 219/15

Tiltakshavar: Arnulf Hjelmtveit

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 tilbygg til bygg på eigedomen som vert brukt til oppbevaring av gamle gjenstandar. Bygget skal forlengast mot sør og i tillegg skal det etablerast eit lite tilbygg for WC mot nord. Samla bruksareal vert endra frå 46 m² til 66 m² og samla bebygd areal (BYA) frå 49 til 72 m².

Det omsøkte tiltaket medfører ikkje endra bruk. Bygget skal ikkje nyttast til varig opphald, næring eller som arbeidsplass.

Det vert elles vist til søknad motteke 12.06.2014 med seinare tilleggsdokumentasjon, sist mottatt 30.04.2015.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. Det er gitt dispensasjon for omsøkte tiltak i vedtak datert 06.03.2015.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering



Plassering av tilbygga er vist i situasjonsplan datert 27.05.2014 (mottatt 12.06.2014) og trase for avlaupsleidning i situasjonsplan datert 13.04.2015 (mottatt 15.04.2015).
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4,5 meter.
Tiltaket er plassert innafor byggegrense i plan. Det er i vedtak datert 06.03.2015 gitt dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 401.
Statens Vegvesen har i skriv datert 16.03.2015 gitt løyve til å leggja avlaupsslange under fv 401.

Vatn og avløp (VA)

Bygget skal ha innlagt vatn frå privat borehol på gbnr 174/6.
Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i vedtak datert 04.05.2015.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket medfører inga endring når det gjeld tilkomst, avkjørsle og parkering.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre tinglyst rett til å kopla seg til avlaupsanlegget på gbnr 174/44.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tiltakshavar har søkt om generelt fritak frå krav om ansvarsrett, jf dokument mottatt 08.07.2014.

Føretaket **Lindås Rør & Sanitær AS**, org.nr. 935347920, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for arbeidet med tilkopling av Jets-WC til eksisterande minireinseanlegg.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Tilbygga fell i utgangspunktet inn under § 20-2 i plan- og bygningslova som gjeld tiltak utan ansvarsrett, medan etableringa av avlaupsløysinga for eigedomen er eit tiltak etter § 20-1 i plan- og bygningslova med påfølgjande krav til bruk av ansvarlege føretak. Arbeidet knytt til avlaupsanlegget er dekkja av eigen ansvarsrett frå føretaket Lindås Rør & Sanitær AS.

Administrasjonen finn å kunne gje fritak frå kravet om ansvarsrett med unnatak av arbeidet som er dekkja av Lindås Rør & Sanitær sin ansvarsrett.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av to tilbygg og etablering av avlaupsleidning i samsvar med søknad mottatt 12.06.2014 og supplerande opplysningar seinast mottatt 30.04.2015, og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.05.2014 (tilbygg) og 13.04.2015 (avlaupsleidning) med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Avlaupsanlegget skal etablerast i samsvar med utsleppsløyve datert 04.05.2015.
4. Bygget skal ikkje nyttast til varig opphald, til næring eller som arbeidsplass. Reviderte teikningar i samsvar med dette skal liggja føre ved søknad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Med heimel i pbl §23 -1 gjev kommunen gjev kommunen fritak frå kravet om ansvarsrett med unntak av følgjande ansvarsområde:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO	Lindås Rør & Sanitær AS	935347920	S	1	Tilkopling av Jets-WC til eksisterande minireinseanlegg.
UTF	Lindås Rør & Sanitær AS	935347920	S	1	Tilkopling av Jets-WC til eksisterande minireinseanlegg.

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5213

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Sissel-Anny og Arnulf Hjelmtveit

Burkhovdane

Seimstranda 267

5914

5912

ISDALSTØ

SEIM